

Arkivnr: 2017/2653-4

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.09.2017

Fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg 2017**Samandrag**

Av Regional Kulturplan for Hordaland (2015-2025) går det fram at Hordaland fylkeskommune støttar utbygging av idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi. Toppidrett har sterke særvidretslege krav til anleggsbygging og utvikling. Det må byggjast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi for at unge lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunna utvikla seg vidare i fylket, og at Hordaland skal kunna vera vertskap for større internasjonale og nasjonale meisterskap.

Generelt:	
Budsjett 2017:	2 mill
Søknadsfrist 2017:	20. august 2017
Vedtaks kriterier:	KIRU 16.5.2017
Kriterier og informasjon om ordninga:	https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/anlegg/investeringstilskot-til-idrettsanlegg-med-regional-og-nasjonal-verdi/

2017:	
Tal på søknadar:	2
Samla søknadssum	6,2 mill
Tilrådd til fordeling:	2 mill

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

På fylkesbudsjettet for 2017 og i økonomiplanen 2015-2018 er det ført opp løyvingar til investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi. Hordaland fylkeskommune sitt investeringstilskot skal medverke til at regionen utviklar kostnadskrevjande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap for seniorar. Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har eksistert sidan 1993. Fylkesidrettsanlegg og regionale anlegg som tidlegare har fått fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg i Hordaland er:

Anlegg	Kommune	Totalt tildeling
Askøy seilforening Seglsportsanlegg Hanøytangen	Askøy	3 300 000
Ravnanger Idrettspark friidrettsanlegg	Askøy	833 000
Bergen Tennisklubb	Bergen	2 333 000
Brann stadion	Bergen	2 000 000
Friidrettsanlegg Fana stadion	Bergen	2 500 000
Haukelandshallen	Bergen	1 000 000
ADO symjearena	Bergen	7 334 000
Klatrevegg Bergenshallen	Bergen	1 700 000
Kunstisbane Slåtthaug	Bergen	2 300 000
Leikvang friidrettshall	Bergen	4 000 000
Motorsportsenter Eikås	Bergen	1 500 000
Vestkanten Curling-/Ishall	Bergen	5 000 000
Vestlandshallen	Bergen	10 000 000
Bømlo Motorsportanlegg	Bømlo	1 100 000
Sotra Arena	Fjell	1 000 000
Hustredalen motorcross	Stord	1 000 000
Stord Hestesportsenter	Stord	800 000
Turnanlegg Vikahaugane	Stord	2 000 000
Vikahaugane isbane	Stord	3 000 000
Sveio golfbane	Sveio	2 000 000
Tysnes Idrettshall	Tysnes	1 000 000
Freestyleanlegg Myrkdalen	Voss	3 300 000
Hoppbakke Bavallen	Voss	350 000
Roanlegg Vangsvatnet	Voss	900 000
Voss Ski- og tursenter Skutle langrenn/skiskyttaranlegg	Voss	3 500 000
Skytebane Skjerve/Bjørke	Voss	3 000 000
Snøkanonanlegg Bavallen	Voss	2 500 000
Varmestove Bavallen	Voss	1 000 000
Totalt		70 250 000

Vilkår for støtte

Hordaland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av anlegget. Søknad om investeringstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag.

Anlegget det vert søkt om støtte til, skal vere forankra i ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Om anlegget er forankra i ein regional plan, styrkjer dette søknaden. Søknaden skal og innehalde ei vurdering av anlegget sin nasjonale verdi, med uttale frå respektive særforbund. Om det vert søkt om investeringstilskot til eit anlegg med regional verdi som finst frå før i Hordaland, er det opp til søkjar å skildre kva som skil anlegget i høve til det/dei som eksisterer. Storleik på støtta vert vurdert i høve til godkjend kostnadssum på spelemiddelsøknaden og tilskot frå andre fylkeskommunale støtteordningar.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler løyvinga på kr 2 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2017 slik:

Stord kommune	Stord Hestesportsenter	kr 1 000 000
Stord kommune	Vikahaugane ishall	kr 1 000 000

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.08.2017

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannen sin grunngjeving til kvar søknad